

Kyrkjevalet 2023

Geistlege kandidatar Bjørgvin bispedømeråd




Val av prest er eit preferanseval. Det betyr at du må setja **1** framfor den du helst vil ha inn i bispedømerådet, **2** for den du vil ha inn om din førstekandidat ikkje vinn valet, så nr. **3** osv. heilt til du har sett nummer framfor så mange kandidatar du vil. Du må setje tal framfor minst ein av kandidatane, elles er stemma ugyldig.

Som prest stemmer du digitalt. Innlogginga til valet finn du på kyrkjevalet.no. Du kan stemma frå 10. august kl. 09.00 til kl. 15.00 den 6. september 2023.

**Dei fem geistlege kandidatane har svart på desse spørsmåla
frå nominasjonskomiteen:**

- 1) Kven er du, og kva kan du bidra med i bispedømerådet og kyrkjemøtet?
- 2) Kva ser du som dei viktigaste strategiske prioriteringane for å oppnå kyrkja sin visjon?
- 3) Med utgangspunkt i presterolla: Kva tankar gjer du deg om organisering, lokal samhandling og leiarskap i kyrkja?
- 4) Korleis kan kyrkja vere ein interessant, aktuell og attraktiv arbeidsstad?
- 5) Korleis vil du bidra til einskap i ei kyrkje med teologisk mangfald?
- 6) Er det andre ting du vil seie om ditt kandidatur?

Kjersti Brakestad Boge



Sokneprest i Kvinnherad

Bustad: Rosendal, Kvinnherad

Fødd: 24.08.1973

E-post: kjersti.brakestad.boge@kvinnherad.kommune.no

Tlf.: 95262022

Yrke/Utdanning

Teologisk embeteksamen med praktikum på MF, 1992 – 1998

Sokneprest i Høyanger, Ytre Sogn prosti, 1998 – 2008

Sokneprest på Voss, Voss og Hardanger prosti, 2008 – 2018

Sokneprest i Kvinnherad, 2018 - d.d

Kyrkjelege verv

Stiftstyreleiar i Bjørgvin presteforening og tenestemannsrepresentant, 2010 – 2013

Leiar i regionalt Arbeidsmiljøutval i Bjørgvin, 2011 – 2013

Geistlig representant i Bispedømmerådet, 2017 – 2019

Medlem av Kirkerådet, 2017 - 2020

Vara til geistlig representant til Bispedømmeråd, 2019 - d.d

Medlem av representantskapet i PF, 2010 - 2013

Offentlege verv

Medlem av representantskapet i Kirkens Nødhjelp, 2020 - d.d

Vara til styret i OVF, 2017 - 2020

Satsingsområde

Arbeidsmiljø i kyrkjelydane

Frivilligheit

Dåp og trusopplæring

Diakoni

1 Kven er du, og kva kan du bidra med i bispedømerådet og kyrkjemøtet?

Eg har snart vore prest i Bjørgvin i 25 år og har god kjennskap til dei ulike delane av bispedømet, ikkje minst gjennom arbeidet i stiftsstyret og seinare bispedømerådet. Eg har i 2 periodar vore vara til Bispedømerådet og det førte til at eg vart fast medlem av Bjørgvin bispedømeråd og Kyrkjerådet nasjonalt, etter at Ivar Braut vart biskop. Eg har god kjennskap til prosessane i Bispedømerådet, Kyrkjemøtet og Kyrkjerådet. Eg likar å lese sakspapir og førebur meg alltid grundig. Eg er ganske god til å fylgje med i møter og til å sjå samanhengar og kva som er viktig å legge vekt på. Eg opplever det som gjevande å vera med i diskusjonar omkring kyrkja si framtid og trur eg har mykje å bidra med.

2 Kva ser du som dei viktigaste strategiske prioriteringar for å oppnå kyrkja sin visjon?

Visjonen for DNK er meir himmel på jord. Kyrkja skal vere lokalt til stades i alle byer og bygder i Noreg. Det er viktig at kyrkja er ein god arbeidsplass og at det blir lagt til rette for godt medarbeidarskap som kan skape engasjement og glede lokalt. Vi har mange gode og engasjerte medarbeidarar og frivillige i kyrkjelydane våre. Våre medarbeidarar er kyrkja sin viktigaste ressurs. Eg ser på meg sjølv som ein representant frå distrikta i Noreg. Det er viktig å formidla inn til Kyrkjerådet korleis verkelegheita er i eit så vidstrakt bispedøme som Bjørgvin.

Eg har vore glad for Bjørgvin bispedøme si satsing på dåp og ungdomsarbeid. Dåpen er no inngangsporten til trusopplæringa og medlemsskap i kyrkja. Det er viktig å oppretthalda dei høge dåpstala for at kyrkja også i framtida skal kunne vere ein folkekyrkje i by og bygd. Arbeid blant ungdom og unge vaksne er viktig for å sikre vidare engasjement i kyrkjelydane for nye generasjonar. Dei siste åra har det også kome til mange diakonar. Det er med og styrker vårt omdøme i lokalsamfunna. Dei siste åra har kyrkja både nasjonalt og lokalt satsa på å vera til stades i digitale media. Dette er viktig for at vi skal kommunisera godt inn i framtida."

3 Med utgangspunkt i presterolla: Kva tankar gjer du deg om organisering, lokal samhandling og leiarskap i kyrkja?

Kyrkja er fyrst og fremst eit synleg teikn på eit åndeleg fellesskap av kristne. Ei kyrkje er så mykje meir enn kyrkjebygg og -gardar og treng åndeleg og pastoral leiing på alle nivå. Vi må ha klart for oss kva vi driv med og kva som er målet med arbeidet vårt. Leiatar i kyrkja bør etter mi mening vere forplikta på og ha kjennskap til kyrkja si tru og vedkjenning.

Det er etter kvart mange profesjonar i vår kyrkje. Prestane er ganske få i denne store eininga. Etter mi mening bør prestane ha eit ansvar for åndeleg og pastoral leiing. Det handlar om strategi og vegval og til sjuande og sist kva som prioriterast i budsjetta på alle nivå. Det er derimot ikkje nødvendig å ha arbeidsgjevaransvaret for dei tilsette. Forholdet mellom geistlege og råda står sterkt i kyrkja og er viktig å bevara framover.

Det har vore diskutert fleire modellar for organisering av felles arbeidsleiing i kyrkja. Eg skulle ynskje at denne felles arbeidsleiinga vart lagt på Bispedømmenivå. Det ville sikra

større profesjonalitet i arbeidsgjevarspørsmål og biskopens pastorale leiing. Det er mitt primære standpunkt. Dersom det blir eit alternativ som er aktuelt igjen, så vil eg arbeide for det, og vere med og skape alliansar i Kyrkjemøtet. Så lenge det ikkje er eit alternativ, er det viktig å bidra konstruktivt i dei prosessane som er, og sikre gode arbeidsgjevarlinjer og ei pastoral leiing framover. Det er eit arbeid som skjer kontinuerleg no og det er viktig å ha ei vakent auge framover.

4 Korleis kan kyrkja vere ein interessant, aktuell og attraktiv arbeidsstad?

Eg meiner at gode lokale arbeidsfellesskap er grunnleggande for at vi skal vere ein attraktiv arbeidsstad. Alle må få kjenne på at dei møtast med respekt og i ei kyrkje, også litt tilgjevande nestekjærleik i arbeidet sitt. I ei kyrkje med mange profesjonar og høgt kompetente medarbeidarar, er det likevel viktig at vi dreg i same retning som eit lag. Vi treng pastoral leiing av kyrkjelydane og av dei tilsette. Eg har og trua på faglege samlingar og diskusjonar som engasjerer og skapar felles retning i arbeidet vårt. Det er også viktig framover å ha rom for store samlingar som stiftsdagane, for å skapa ei felles forståing av kva retning vi ynskjer at kyrkja skal ha framover.

5 Korleis vil du bidra til einskap i ei kyrkje med theologisk mangfald?

Theologisk diskusjon og mangfald er eit kjenneteikn på ei levande kyrkje med engasjerte medarbeidarar. Eg meiner det er viktig for ei kyrkje å diskutere kva Bibelen har å seie til oss i vår tid. Eg er glad for alle medarbeidarar som engasjerer seg og er meir engstleger der som det blir for lite diskusjon. Vi er forskjellige menneske og vektlegg ulike argument. Det ville vere trist dersom det vi hadde å seie var utan betyding for folk. Ei irrelevant kyrkje har ingen framtid.

Det er likevel viktig for ei kyrkje at alle blir møtt med respekt og helst litt nestekjærleik og forståing, også i debattane. Eg trur det bryt ned den allmenne respekten for kyrkja vår og trua vår, dersom dei som arbeider i kyrkja ikkje kan respektere kvarandre og arbeide med kvarandre.

6 Er det andre ting du ynskjer å seie om ditt kandidatur?

Eg har hatt stor glede av å få vere med i arbeidet i bispedømeråd, kyrkjeråd og kyrkjemøtet. Eg har vore særskilt interessert i og engasjert i arbeidet med organiseringa av DNK, eg har også vore aktiv i arbeid med liturgisaker og ikkje minst nynorsk omsetting. Eg har fått inn mange små rubrikkar i liturgiane. Eg har også løfta saka om kvinners rett til å arbeide i kyrkja utan å bli diskriminert av kollegaer i kyrkja i Kyrkjerådet, som tok saka vidare til Bispemøtet.

Vegard Bondevik Lie



Sokneprest i Leikanger

Bustad: Hafslø

Fødd: 11.04.1974

E-post: vegard.lie@sogndal.kyrkja.no

Tlf.: 90619080

Yrke/utdanning

Sokneprest, Sogn prosti, 2008 – 2023

Ungdomsprest, Asker, 2001 – 2007

Cand theolog, MF, 1996 – 2001

Journalist, NRK Sogn og Fjordane, 1995 – 1995

Journalistikk/mediekunnskap, 1994 – 1995

Kyrkjelege verv

Tillitsvald, lokallagsleiar PF, Sogn prosti, 2013 – 2023

Leiar av arbeidsgruppe for nytt innføringsprogram for nytilsette, Bjørgvin bispedøme, 2022 - 2023

Medlem av PF sitt stiftsstyre, Bjørgvin, 2019 – 2023

Satsingsområde

Rekruttering

Barn og unge

Diakoni

Arbeidsmiljø

1 Kven er du, og kva kan du bidra med i bispedømerådet og kyrkjemøtet?

Eg er ein erfaren, løysingsorientert prest, som er klartenkt og kreativ. Eg har evne til å vere nytenkande når det krevst. Eg kjem opprinnleig frå Førde, og har hatt mesteparten av mi presteteneste i Sogn. Eg kjenner bispedømet godt, og veit spesielt godt korleis det er å vere prest og kyrkje i distriktet.

2 Kva ser du som dei viktigaste strategiske prioriteringar for å oppnå kyrkja sin visjon?

Det er heilt avgjerande at me involverer born og unge. Me må gje folk ei rolle i, og eigarskap til, kyrkja og kyrkjelyden sin. Og me må hjelpe folk til engasjement for, og kjærleik til, Jesus.

3 Med utgangspunkt i presterolla: Kva tankar gjer du deg om organisering, lokal samhandling og leiarskap i kyrkja?

Presterolla må framover vere den tydelege teologiske og kyrkjefaglege leiarrolla lokalt. I eit godt samspel med kyrkjeverje/dagleg leiar vil presten spele ei viktig leiarrolle for at kyrkja skal vere kyrkje og ikkje berre ei offentleg verksemd.

4 Korleis kan kyrkja vere ein interessant, aktuell og attraktiv arbeidsstad?

Me må vere konkurransedyktige i ein krevjande arbeidsmarknad. Dvs at me først og fremst må ha gode løns- og arbeidstilhøve. Det må jobbast langsiktig og grundig med introduksjonsprogram, arbeidsmiljø, trivsel og rammevilkår som gjer at folk blir verande. Saman må me lage ein kultur som framsnakkar verdien av å vere tilsett i kyrkja.

5 Korleis vil du bidra til einskap i ei kyrkje med theologisk mangfald?

Me må vere rause med kvarandre. Og me må vere flinke til å skilje mellom sentrum og periferi i teologiske spørsmål. Det betyr at kyrkja må vere svært tydeleg på det viktigaste og mest sentrale i den kristne trua; Guds kjærleik, gjeve oss gjennom Jesus Kristus, Guds son, vår frelsar.

6 Er det andre ting du ynskjer å seie om ditt kandidatur?

Dei siste åra har eg erfaring med å stå i ein krevjande situasjon med mykje mediefokus mot lokalkyrkja eg er ein del av. Eg har fått god erfaring i å jobbe systematisk med arbeidsmiljø, og har lært meg sterkare fokus på korleis medarbeidarar blir tekne vare på og korleis me kan jobbe mot diskriminering.

I ein situasjon der eg på 15 år ikkje har opplevd at me nokon gong har hatt full prestedekning i prostiet, veit eg kor viktig rekruttering til presteteneste er. Siste to åra har eg av same grunn fått utvida ansvar gjennom rolla som koordinerande sokneprest i det største fellesrådsområdet i prostiet.

Arne Mulen



Spesialprest i Åsane sokn

Bustad: Åsane, Bergen

Fødd: 17.12.1969

E-post: am453@kirken.no

Tlf.: 90558049

Yrke/utdanning

Prest med ansvar for Haukås nærkirke, Åsane, 2011 – d.d

Kapellan, seinare sokneprest i Ytre Arna og Åsane sokn, 2004 – 2021

Misjonær for NMS i Frankrike, pastor i ein luthersk kyrkjelyd i Paris, 1996 – 2004

Feltprestteneste ved Haakonsvern, 1995 – 1996

Cand theol ved Misjonshøgskolen i Stavanger, 1989 – 1995

Kyrkjelege verv:

Verneombod i Åsane prosti, 2022 – d.d

SMM Bjørgvin, ca 2015 – d.d

Medlem i PF's lokallagsstyre i Åsane, 2009 – 2012

Representant i Det norske bibelselskaps komite i Bjørgvin, 2007 – 2013

Satsingsområde

Rekruttering til kyrkjeleg teneste - strategisk nærvær og utfordring i ulike kristne ungdomsmiljø

Retreat og spiritualitet - kyrkja sine leiarar må har ei teneste forankra i eit indre åndeleg liv

Felleskristent arbeid - vi er den store kyrkja, men ofte ikkje den einaste kyrkja

Ein kultur som spør kva vi har, ikkje etter kva vi manglar. Inspirert av Use your talents frå Afrika

Leiartrening/disippelskap - særleg med fokus på året etter konfirmasjon

1 Kven er du, og kva kan du bidra med i bispedømerådet og kyrkjemøtet?

Eg er oppvaksen i Førde (Sunnfjord), teolog frå Misjonshøgskolen i Stavanger, med erfaring frå misjonærteneste i den lutherske kyrkja i Frankrike. Min veg til presteteneste var eit misjonskall, og det misjonale er framleis ein viktig del av min identitet som prest.

Dnk er - og skal framleis vere - ei folkekirkje. Samtidig blir vår posisjon som folkekirkje utforda av nedgang i oppslutning om kyrkjelege handlingar. Men det er ikkje prosenttal som definerer oss som kyrkje. Det er oppdraget og oppdragsgjevaren som skal vere vår primære identitet som kyrkje.

Vi har fått ny biskop i Bjørgvin. For bispedømmerådet skal vere eit godt råd for biskopen og etablere eit godt samarbeid om sakene ho ønskjer å sette på dagsorden.

2 Kva ser du som dei viktigaste strategiske prioriteringar for å oppnå kyrkja sin visjon?

Nokre tankar om dette:

- I framtidig forvaltning av menneskelege og økonomiske ressursar, må vi prøve å balansere dette å vere ei folkekirkje til stades i heile bispedømmet med dette å vere ei misjonerande og diakonal kyrkje.
- Vere realistiske i høve til kva våre løna medarbeidarar kan rekke over. Det er kultur for å strekke seg. Då må det også vere rom for å trekke seg tilbake når det trengst.
- Viser elles til dei fem prioriteringane nemnt over.

3 Med utgangspunkt i presterolla: Kva tankar gjer du deg om organisering, lokal samhandling og leiarskap i kyrkja?

Med tanke på presterolla, er eg oppteken av å bevare nære og tydelege band mellom prest, prost og biskop.

Eg ser det som avgjerande at biskop eller representant for biskop deltek i tilsettingssaker som gjeld vigsla stillingar. For oss prestar er lovandane vi gjev til vår biskop i ordinasjonen definierande for tenesta vår, og eg ønskjer ikkje at det skal bli ein svekka relasjon i linja prest, prost og biskop.

Eg er ikke oppteken av at presten skal vere sjef. Prest og prost sitt leiarskap må utøvast i samspel med valde leiarar og administrative leiarar. Men det pastorale perspektivet bør vere representert på alle strategiske nivå i kyrkja vår.

4 Korleis kan kyrkja vere ein interessant, aktuell og attraktiv arbeidsstad?

Eg meiner kyrkja ER ein interessant arbeidsstad, men mange fleire treng å oppdage at det også kan vere ein aktuell arbeidsplass og ein god arbeidsplass for dei.

For mange yrkesgrupper i kyrkja, kan aldri "9 til 4" - jobben bli vårt fortrinn. Derimot er det svært gjevande å jobbe saman med kollegaer og frivillige, med ein stor visjon om meir himmel på jord.

I evangelia les vi at Jesus skildrar Guds rike som noko som spirer og gror. Eg meiner vi kan frimodig løfte fram fortellingane om at det spirer og gror også i vårt arbeid og i våre fellesskap.

5 Korleis vil du bidra til einskap i ei kyrkje med teologisk mangfald?

Eg har etterkvart fått erfaring med å samarbeide med tilsette og frivillige frå ulike teologiske tradisjonar. Den norske kyrkja har hatt tradisjon for å romme eit stort mangfald. Både bedehusfolk, høgkyrkjelege, lågkyrkjelege, karismatikarar, liberale og konservative - har hatt tradisjon for å seie at Den norske kyrkja er mi kyrkje. Eg håpar vi kan vidareføre kulturen for å romme usemjø og ulikskap i framtida. Einsretting er ei større fare for kyrkja vår enn mangfald.

Kjersti Gautestad Norheim



Sokneprest i Birkeland

Bustad: Nesttun, Bergen
Fødd: 08.10.1974
E-post: kn223@kirken.no
Tlf.: 94248708

Yrke/utdanning

Kapellan i Birkeland menighet, Bjørgvin bispedømme, 2011-2018

Prest i menighetsplanteprosjekt i Blystadlia, Borg bispedømme, 2006 – 2011

Misjonsprest i Estland for Dnk/NMS, 2003-2006

Praktikum MF, 2002

Cand.Theol MF Vitenskapelige høyskole 2001

Kyrkjelege verv

Medlem i Kirkerådet for Den norske kirke, 2020 – 2023

Geistlig representant i Bjørgvin bispedømmeråd, 2020 – 2023

Medlem i Forstanderskapet ved MF Vitenskapelige høyskole, 2015 – 2015

Medlem i Teologisk Nemd for Den norske kirke, 2012 – 2020

Offentlege verv

Styremedlem i Frende Livsforsikring, 2021 – d.d

Medlem i ledergruppa for G2 i Storsalen menighet i Oslo, 1997 – 1999

Medlem i Studentrådet ved MF vitenskapelige høyskole, 1996 – 1998

Satsingsområde

På vei inn i en ny tid tenker jeg at barne- og ungdomsarbeid, diakoni og gudstjenestearbeid bør være særlige satsningsområder for kirken. I tillegg til disse må vi, i møte med rekrutteringskrisen vi står overfor, også arbeide systematisk og målrettet med rekruttering til alle kirkelige stillinger.

1 Kven er du, og kva kan du bidra med i bispedømerådet og kyrkjemøtet?

Jeg er en 48 år gammel sørlending som har vært bosatt i Bergen de siste 12 årene. Jeg er gift med Bård Norheim, og sammen har vi fire barn i alderen 13 til 21. Vi bor på Nesttun hvor jeg arbeider som sokneprest i Birkeland sokn. Her har jeg vært de siste 12 årene, først som kapellan og så de siste 5-6 årene som sokneprest. Min første faste prestestilling var som misjonsprest i Estland. Å være prest i et av Europas mest sekulariserte land, har gitt meg en verdifull erfaring i forhold til hva det vil si å være kirke i en tid hvor kirken ikke lenger er noe selvsagt, men noe som må velges. Årene som menighetsplanteprest i Blystadlia gav meg særlige erfaringer knyttet til hvor viktig gudstjenestearbeid, menighetsutvikling og rekruttering av frivillige medarbeidere er for kirken. Disse erfaringene, sammen med erfaringer fra årene som menighetsprest på Nesttun, har gjort at jeg er særlig opptatt av hvordan kirken skal gjenfinne seg selv og sitt oppdrag i møte med en ny tid, og jeg mener gudstjenestearbeid, diakoni sammen med barne- og ungdomsarbeid her står i en særstilling. Gjennom egen erfaring og arbeid med Olavsstipendet i 2020, har jeg også hatt et særlig fokus på hvordan kirken kan være en synlig aktør i lokalsamfunnet.

2 Kva ser du som dei viktigaste strategiske prioriteringar for å oppnå kyrkja sin visjon?

Kirken - også i Bjørgvin - er inne i en endringstid, og i møte med en ny tid og nye utfordringer vil noen punkt være særlig viktige å satse på, og alle satsinger fordrer at de følges opp av strategiske prioriteringer.

De viktigste satsingsområdene for kirken i årene som kommer, vil etter min mening være gudstjeneste og dåp, barne- og ungdomsarbeid og diakoni. I tillegg tenker jeg at det vil være viktig å fortsette arbeidet med å være en synlig kirke i alle lokalsamfunn, for på den måten å være med å ta vårt samfunnsetiske ansvar på alvor. Slik kan kirken fortsette å møte mennesker i sorg og glede, i kriser og fest og samtidig også være en tydelig, profetisk stemme inn i samfunnet.

3 Med utgangspunkt i presterolla: Kva tankar gjer du deg om organisering, lokal samhandling og leiarskap i kyrkja?

Saken om kirkelig organisering har i inneværende periode vært den mest omfattende saken for både bispedømmerådet, Kirkemøtet og Kirkerådet. På fjorårets Kirkemøte ble det fattet et prinsippvedtak med knappest mulig flertall. Modellen som ble vedtatt gjør det klart at vi kommer til å fortsette med delt arbeidsgiverlinje, og det blir det viktig å finne ut av hvordan vi kan leve best mulig med. Et stort arbeid gjenstår nå for å få på plass viktige deler av dette store sakskartet. I første runde blir det avgjørende å få på plass strukturer for delt daglig ledelse. Som prest vil jeg også si at det blir viktig å få større klarhet i hva biskopens rolle skal være i ny organisering og hvordan biskopens tilsyn og ledelse skal utøves både for oss prester og for alle de andre kirkelige ansatte.

4 Korleis kan kyrkja vere ein interessant, aktuell og attraktiv arbeidsstad?

Undersøkelser viser at mening blir stadig viktigere for dagens arbeidstakere. Dette burde love godt for rekruttering til kirkelige stillinger. Samtidig tvinger dagens rekrutteringssituasjon oss til å stadig bli bedre arbeidsgivere. Det har de siste årene blitt

gjennomført ulike medarbeiderundersøkelser, og mye godt arbeid er allerede gjort med å følge opp disse. Det må vi fortsette med. Videre tenker jeg at det blir viktig å få på plass ny organisering så raskt og godt som mulig, for å begrense energilekkasjen som kan oppstå ved slike prosesser. Gode etter- og videreutdanningsmuligheter bør ivaretas og utvikles, og kirken bør tilstrebe å i alle ledd være en så trygg og sikker arbeidsgiver som mulig.

5 Korleis vil du bidra til einskap i ei kyrkje med teologisk mangfold?

Den norske kirke står i et stort teologisk spenn. Det kan være krevende, men som kirke kalles vi til å stå i dette spennet. Jeg ønsker å være med å bidra til gode, konstruktive diskusjoner og samtaler, selv når det er vanskelig, og jeg tenker det i møte med stort teologisk mangfold vil være viktig å både lete etter og løfte frem hva vi har felles, hva det er som kan samle oss, og samtidig også våge å ta de krevende samtalene om hvor grensene går for hva slags uenighet det er vi som kirke ikke nødvendigvis kan leve med.

6 Er det andre ting du ynskjer å seie om ditt kandidatur?

Denne siste valgperioden har jeg sittet som geistlig representant i bispedømmerådet og Kirkemøtet og vært medlem i Kirkerådet. Dette har gitt meg verdifull erfaring og innsikt inn i flere av de store prosessene som Den norske kirke nå står i, ikke minst gjelder dette saken om kirkelig organisering. Arbeidet som har vært gjort så langt, har gitt meg lyst og motivasjon til å stille meg disponibel for dette arbeidet også for de neste fire årene.

Marte Birkeland Åsen



Kapellan i Søreide

Bustad: Rådal, Bergen

Fødd: 21.03.1992

E-post: ma358@kirken.no

Tlf.: 99432101

Yrke/utdanning

Kapellan Søreide sokn, Fana prosti 2020 – d.d.

Kapellan Skjold sokn, Fana prosti, 2019 – 2020

Prestevikar Voss og Hardanger prosti (sommervikariat to somrer) 2017 - 2018

Cand.theol MF vitenskapelig høyskole 2013 – 2019

Kyrkjeloge verv

Arbeidsgruppe Onboardingsprogram Bjørgvin bispedømme 2022 - 2023

Styret i Kvinnenettverket i Bjørgvin 2021 -2023

UFUNG (Utvalg for ungdomsspørsmål i Dnk) 2019 – 2020

Offiselle verv

Styremedlem Norges KFUK KFUM Bjørgvin krets 2021 – 2023

Styremedlem Norges KFUK KFUM Oslo Akerhus krets 2015 – 2017

Styret for NestenPresten-konferansen 2017 – 2018

Satsingsområde

1. Dåp: heldigvis har vi bare ett eneste medlemskrav i Den norske kirke. I dåpen blir vi en del av Guds folk, uansett hvem vi er, og hvor vi kommer ifra. Å legge til rette for at flere vil døpe barna sine og at flere voksne søker dåp, mener jeg er essensielt for kirkens oppdrag.

2. Troverdighet: kirken må opptre troverdig. Tro mot tradisjonen vi står i, med et evighetsperspektiv. Men først og fremst tro mot kallet til å være kirke i verden akkurat her, og akkurat nå. Hva er kirkens budskap og bidrag til mennesker i Bjørgvin her og nå, med

de muligheter og begrensninger mennesker i våre sammenhenger står i? Kirken må være endringsvillig i møte med enkeltmenneskers og gruppens erfaringer. Inkarnasjonen er utgangspunktet for hele vårt fundament. Jesus som var her som et fullt ut menneske, som erfarte menneskelivet med alt det innebærer.

3. Tydelighet: Kirken bør være tydelig. Modig i å uttale oss om spørsmål som mennesker er opptatt av. Vi har godt språk for å snakke sant om menneskelivet i kirken. Det kan vi også øve oss på å utvikle, så vi faktisk formidler kjærlighetens evangelium, i denne tiden vi faktisk hører til i. Min erfaring er at det allerede ligger mye gull i våre liturgier og i kirkens bønnespråk, men at vi må utvikle oss videre, så uttrykkene våre formidler nåden til mennesker.

4. Rekruttering til kirkelig utdannelse. Vi trenger kompetanse fra en bred folkekirke.

1 Kven er du, og kva kan du bidra med i bispedømerådet og kyrkjemøtet?

Jeg er en kvinne på 30 år fra Midtun i Bergen. Jeg studerte på MF, og har vendt hjem for å jobbe som prest i byen jeg kommer ifra. Jeg er vokst opp i en helt ordinær folkekirkefamilie, og kaller meg selv «produkt av vellykket barne- og ungdomsarbeid». Speider og Ten Sing har vært viktig for at jeg brukte tiden min, og ble værende i kirken, og for at jeg valgte teologiutdannelsen. På grunn av min bakgrunn, så tror jeg at jeg har et særlig blikk for hvordan «vanlige folk» forholder seg til kirken, og hvilke muligheter som ligger i det. Dette blikket vil jeg bruke til å bidra i bispedømmeråd og kirkemøtet.

2 Kva ser du som dei viktigaste strategiske prioriteringar for å oppnå kyrkja sin visjon?

For det første må visjonen brukes aktivt. Her kan vi bruke Shema (5 Mos 6) som forbilde. En visjon bør ikke ligge i en skuff, men gjentas i alle ledd. Det viktigste vil være å bruke og gjenta den i alle ledd; fra nyhetsbrev, til rådsmøter, til prekestol, til dåpssamtaler, til barnekor, til konfirmantundervisning, til eldretreff, osv.

3 Med utgangspunkt i presterolla: Kva tankar gjer du deg om organisering, lokal samhandling og leiarskap i kyrkja?

Vi er avhengig av strukturer som sørger for god samhandling mellom folkevalgte, ordinerte/vigslede, og øvrige ansatte i Den norske kirke. Det er viktig at prestene får beholde vår faglige selvstendighet. Dette er et lederansvar.

4 Korleis kan kyrkja vere ein interessant, aktuell og attraktiv arbeidsstad?

Først og fremst gjennom å være en interessant, aktuell og attraktiv plass å få høre til, og å være med hele seg. Klarer vi å formidle at det er rom for hele mennesker i våre fellesskap, så kan vi bidra med viktige annerledes-rom i samfunnet. Rom som ikke setter krav, men som formidler evangeliet og kjemper for rettferdighet. Jeg har dessuten stor tro på effekten av å fremsnakke og vise et bredt mangfold av kirkelige medlemmer, frivillige og ansatte, slik at mennesker finner noen de kan kjenne seg igjen i.

5 Korleis vil du bidra til einskap i ei kyrkje med theologisk mangfald?

Jeg vil se, lytte til, og prøve å forstå. Noen av mine viktigste forbilder har vært mennesker som tror og mener ganske annerledes enn meg, men som likevel tar meg på alvor, og lar meg være del av fellesskapet. Som en troverdig aktør i dagens samfunn, så er det viktig at vi etterstreber enheten vi har i Jesus Kristus. Splittelser er ikke bra for kirkens omdømme, da det hindrer oss i å være troverdig og relevant. Men først og fremst skader det kirken innenfra. I en folkekirke, og majoritetskirke som vår, så tenker jeg at disse to ikke kan ses uten hverandre. Fordi majoriteten av det norske samfunnet er medlemmer i Den norske kirke, er omdømmet vårt og splittelser innad en og samme sak. Derfor vil enhet i Jesus Kristus, og nattverdsfellesskapet på tvers av alt det som skiller oss fra hverandre, være det viktigste for meg.

